



Sweco Norge AS
Susanne Nyborg Bjelland
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1084 - 18/35911

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.11.2018

Igangsettingsløyve for grunnarbeid - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 652/18

Tiltakshavar: Region Nordhordland Helsehus Iks
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av delar av tiltakat knytt til grunnarbeid, graving og sprenging jf. søknad motteke 13.11.18.

Kommunen har i vedtak datert 31.05.17 gjeve dispensasjon frå Knarvik sentrum områdeplan for etablering av regionalt helsehus på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak av 10.07.17 gjeve rammeløyve for etablering av regionalt helsehus.

Kommunen har i vedtak av 30.10.18 gjeve igangsettingsløyve for rivingsarbeid på eigedom gbnr. 188/323.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.11.18, endeleg supplert med dokumentasjon på vilkår i utbyggingsavtale pkt. 6.2.2, 3. avsnitt 29.11.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.11.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

Utomhusplan

Det er levert inn oppdatert landskapsplan, teikning L-10-00-01 revidert datert 05.11.18, justert geometri utifrå justerte høgder etter reguleringsplan E39 oval rundkøyring/planid.: 1263-201704. Den skisserte bruken av område regulert som o_SVG1 er i samsvar med føresegna til reguleringsplan E39 oval rundkøyring § 6.6.2.

Anleggsbidrag jf. utbyggingsavtale pkt. 6.2.2



Motteke.

Anna lovverk

Oppføring av bygging som er omfatta av arbeidsmiljøloven krev vedtak om samtykke frå Arbeidstilsynet jf. arbeidsmiljøloven § 18-9.

Det er ikkje påreknelig at det vert gjeve igangsetting av betongkonstruksjonar før det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet. Vi gjer merksam på at Arbeidstilsynet har inntil 3 mnd. sakshandsamingstid.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket knytt til grunnarbeid, graving og sprenging. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Vedtak om dispensasjon datert 31.05.18 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Rammeløyve av 10.07.18 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 3. Tiltak skal plasserast og utomhusareala opparbeidast i samsvar med revidert landskapsplan, teikning L-10-00-02 revisjonsdato 05.11.18.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1084

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

RNH_Landskapsplan 051118

Kopi til:

Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Region Nordhordland Helsehus Iks	Postboks 13	5902	ISDALSTØ
Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO

Mottakarar:

Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO
----------------	--------------------	------	------